

Laura Djupvik – Den andre søstera

Den andre søstera er ei bok i Grøss og gru-serien. Selma flyttar med mor og storesøster til eit gammalt hus som mora har arva. Ho føler seg ikkje trygg der, høyrer lydar og merkelege ting skjer. Det hjelper ikkje at søstera og mora er mykje vekke, og til slutt flyktar Selma opp i epletreet og sit der ute når ho er aleine heime. Ho blir glad når ho endeleg får selskap av ei jente som heiter Anna, men det er noko rart med henne også.

Med **Den andre søstera** har **Laura Djupvik** skrive ei bok som sakte kryp under huda på lesaren. Ein kjenner sterkt på at Selma er så aleine, og at ingen tar opplevingane hennar på alvor. Lesaren skjønner fort at situasjonen kan vere farleg for henne. Boka er luftig, med korte kapittel og korte setningar. Språket er stramt og rikt på same tid. **Den andre søstera** blei utgitt på Samlaget i 2018.

Laura Djupvik debuterte i 2004 med romanen *Båten er så liten*, og skriv for barn, ungdom og voksne. I 2008 fekk ho Guro Sandsdalens litteraturpris for barneboka *Hundre appelsinar og ein fiolin*, og våren 2019 kom voksenromanen *Hjartet er ingen logrande hund*.

Laura Djupvik er mottakar av Ordknappen 2019 for Den andre søstera.



LITT Å LESE